

# **Munnlig forteljing 1, studieåret 2013 – 14**

## **Rapport over 8 forteljarsituasjonar, hausten 2013.**



Figur 1, Grua på Sinjarheim i Aurlandsdalen, hausten, 2013

**frå Jorun Barane,**

innlevering 10 november, 2013

## Spørsmålet som bind oss saman

Torsdag 23. august i møte på Seksjon for læring og lærarutdanning på UMB/Ås. Vi er ei kollegagruppe som arbeider med berekraftig læring. Vi jobba på kvar vår kant av landet og møtes ved høve og behov og det som bind oss saman er felles spørsmål som vi har bært ilag over lang tid dei siste 15- 20 år.

Øystein Vestre fortalte første dagen på kurset vårt ( HIOA) ei historie om den kloke studenten som heitte **«Verdens beste spørsmål»** av Hambro, Eskil, frå boka Livet er som eit banantre. Den igjen-fortalde eg først til Aksel Hugo då vi sat i møte å utarbeida ein artikkel. Deretter til ein annan kollega Nat Mead som er masterstudent ved UMB for tida og jobbar med sine forskings spørsmål. For tredje gang den dagen fortalte eg den i matpausen også til Linda Jolly slik at alle fekk høyra historia om den kloke studenten og verdens beste spørsmål. Gode historia er eit godt reiskap når ein skal arbeide med kollegar, kunne merka at dei slappar meir av og vart meir lyttande til andre sine spørsmål med påminninga om at de er spørsmåla vi har felles og at de er dei som skapar samhald.

## Rim og regler

Søndag 25. august, på kveldstur med Morten i Kroer skogen, ettermiddag sola sto lågt å lyste opp den grønne skogbotnen. Same dag hadde vi arbeida med regleeventyr og mitt var **«Høna og Hanen i Nøtteskogen»**. De fortalte eg der og då når me gjekk og peika samtidig på nøtteskogen, lindetreet, ved stabelen, kul brennaren alt var til stades der i skogen. Eg hugsar de meste men må jobba med rytme, flyt og pust i forteljinga, reflekterte kring de å fortelja til små barn, som er veldig fint.

## «Storywalk»

Laurdag 31. august på vandring frå Finse til Aurland, ilag med Sue Reed frå Ruskin Mill i England, Cecilie Bugge frå Aurland og grønlandshunden Yadda. Dette er også ei ut prøving av å laga ein «Storywalk» frå Bre til Fjord på vestlandet, som kan brukast seinare og i andre anledninga.

Då vi starta ved Hardanger jøkulen på Finse fortalte eg **Den Norrøne skapings- myta** på engelsk, dei har ikkje noko liknande i England som Sue veit om. Sjølve breen vart til Audhumbla med kvite elvar som rann frå juret nedover fjellsidene. Denne historia kan eg godt både på engelsk og norsk har hatt fleire framsyninga kring den. Vidare vandre me til fjelltoppen St. Paul, gjorde kunstnariske øvingar teikna og fortalte for å komma inn i landskapet. Dette er elementas rike vi er 1500 meter over havet, her er de berre stein, fjell og vatn som rår. Eg fortalte korleis fjelltoppen St. Paul fekk namn og ei Islandsk historie som heiter **«Kjærleiks historia frå fjella»** av Gudrun Helgadóttir. Då vi ser oss rundt kan vi sjå trollkjerringa med ongar som var blitt til stein fordi sola sto opp før ho rakk fram til trollkallen sin. De finns mange historia i området om ulike fenomen/former i landskapet, gygra og jettegrytene hennar t.d.

Før vi kjem ned til Geiteryggshytta er det store myrar med den kvitaste myrull, neste gang vil eg fortelje «**Dei tolv Villendene her**». I Aurlandsdalen fortalde eg om livet på gardane rundt midten av 1800 og Huldre historia om «**Knut på Berekvam**» frå boka Bergteken. Kring grua i eldhuset på Sinjarheim byrja eg på undereventyret «**Prinsessa som gjekk til Jordens hjerte**» av Regine Normann

### Å skapa ei anna verd

Vi planlegg eit pilotprosjekt i samarbeid med Ruskin Mill i England med hospitering og erfaringsutveksling våren 2014. Som ein del av dette vil djupøkologi vera tema og inngangen for meg er forteljinga om «Prinsessa som gjekk til Jordens hjerte» som eg fortalte første del av. Vi sit rundt grua i eldhuset på Sinjarheim med bål, det er ein fin plass å komma inn i forteljingas univers, altså å skapa ei anna verd. Tenkjer at ein vekker til livet noko som har vert før og at det er ein hukommelse i staden. Det er viktig å skapa rett rom eller setting kring forteljinga slik at form og innhald kjem mest mogleg i hop, då kan de bli magisk.



Eventyret kom til meg då vi fekk i oppgåve å finne og ta med oss eit undereventyr til neste samling på kurset. Det er ofte slik at forteljingane kjem til meg. Dette har med min forteljarpraksis å gjera eg slepp ofte å leita etter kva historie/forteljing skal eg ta no, dei kjem og vil fram av seg sjølv viss eg er til stades og i dialog med meg sjølv og omgjevnadane.

Då eg las om forfattaren Regine Normann frå Vesterålen i Nord Norge fekk eg inntrykk av at de ho fortalte kom fram som indre bilete gjennom landskapet der ute på øyane i Nord. Det var som om ho ved å sjå sola gå ned vest i havet hadde sett heile historia rulle fram for sitt indre og så skrive den ned.

Sjølv er eg opp vaksen i skjergarden i Sunnhordaland og har erfaringar frå min biografi på korleis forteljingane kan vera skrivne i svaberget. Det er eit viktig utgangspunkt for meg som forteljar, eg kjenner meg igjen. Det er jo ein evig diskusjon kor forteljingane/eventyra kjem frå, kva som er opphavet. Er det folk som har byrja fortelje og så har dei vandre og blitt lokalt tilpassa? Eller er det *livet sjølv som vil be fri seg, sjølve kjelda som kjempar seg opp i dagen*, slik Jørgen Mo uttalar, sitat frå føredrag til Marit Akerø 19/09, 2013.

Lenger nede i Aurlandsdalen fortalde eg om «**Mannen i Almen**» og hjerta hans som vart til stein. Dette er og eit fenomen du kan sjå, eit tydeleg forma hjerta i steinblokka langs stien.

## «EcoPrenureship»

11. til 13. september var vi i Nederland på opp start møte for Leonardo Life Long Learning prosjektet som vi har fått midla til. Eg hadde med meg boka, Livet er som eit banan tre og brukte tre ulike forteljinga i møtet, over satt til engelsk. Vi skal utvikla, skape noko nytt på desse møta som heiter «EcoPrenurhip». Vi veit ikkje kva de er og skal bli enda derfor brukte eg historia «**Den tomme koppen**» og «**Paradis**» (japanske begge to)+ «**Verdens beste spørsmål**» (jødisk) som metode og prosessverktøy i møtet. Vi var 10 deltakara frå ulike land, Nederland, Portugal, Sveits, Austerrike og Norge.

På denne måten forskar eg på korleis forteljinga kan brukast for å bli bevisst også den indre prosessen i slike møter. Gjennom historia kan den enkelte få tilgang til sitt indre rom utan å vera personleg, ein kjem inn i ei anna verd. På den måten kan ein veksle mellom de ytre og indre og bli meir bevisst eigen læringsveg og forståing.

Historiene vart godt mottatt det medførte at også andre byrja å fortelje historia. Refleksjon etterpå er at på ein måte må dette inn i førebuinga/planlegging av møte at møtedeltakarane er klar over at historier er ein del av saken/møtet. På den andre sida må dei komma der og då når de oppstår ein situasjon der historia passar. Neste gang vil eg kanskje avtale i forkant av møte om de er greitt at eg brukar historia for å forstå dei indre prosessane. Då er de lettare å få plass til dei og finne rom til de lyttande i møte.

Ved å fortelje kjem ein ut av de vante å får fram de som er i mellom oss, ikkje mitt eller ditt men de som ligg mellom. Historiene eg fortalte handlar om å ha tillit til prosessen. Ha mot og stola på at svaret vil komma viss vi skapar rom for de. Ha tillit til at svaret er der vi må berre få tak på det. Ofte opplever ein at enkelte vil ha svaret og fasiten med ein gong viss ikkje blir de frustrasjon, då passar forteljinga om «Den tomme koppen» veldig godt, Bruner seier s. 204 (Grimnes mf) «*at narrativ tenkemåte ikkje krev logisk førestellingsevne men poetisk imaginasjon*», verden må heile tida skapast.

## Munnleg kompetanse

Bruner skil mellom to måtar å skape meining på, to tenkjemåtar: den logiske paradigmatisk, tenkjemåte og den narrative. Han understreker at begge er viktige og ikkje må seljas opp mot kvarandre. Den logiske tenkemåten kobla han mot det å forklare og den utrykkast gjennom de gode argument som bedømmas ut frå logiske, formelle kriteria. Via argumentet vil tenkemåten over bevisa oss om sannheten og på den måten sei noko om verkelegheita.

Den narrative tenkemåten vil bedømmas ut frå om det er ein god historie om den er sannsynlig eller truverdig om den liknar livet. Mennesket tenker og skaper meining på same måte som forteljinga er bygget opp. «*gjennom opplevinga av forteljinga kan kunnskap levandegjerast og fagleg motivasjon skapast*» side, 205.

Boka munnleg kompetanse av Grimnes og co, fortel meg at her er eit stort viktig felt som trengs jobbast med framover. Som pedagog opplever eg at heile Steiner pedagogikken kjem fram her og vert gjort allmenn. Ved at eit tek individet på alvor, at den enkelte får bekrefting på kven han/ho er og vert sett ikkje berre testa på kva ein kan.

### **Eigen praksis**

Refleksjon over eigen praksis så langt som eg beskriv er at eg brukar forteljing i samanhengar og prosjekt eg er i her og no. Er opptatt av at forteljing står i ein samheng og er ein del av noko anna, slik at både de indre og det ytre vert representert, skapar heilheit. Problemet kan då vera at det vert tatt for gitt og ikkje rekna som eit eige kompetansefelt. Har ei kjensle av eg treng å avgrensa det eg driv med også for å bli meir målretta som forteljar, sei klarare i frå kva eg kan levera og ikkje.

Det er eit mål for meg å finne ut av dette gjennom studiet på HIOA, kva eg skal satse på om det er kurs, «Storywalkes» kanskje kulturskolen, kulturelle skulesekken. Alt er mogleg eg likar å fortelje for alle aldra, sjå [www.naturpedagog.no](http://www.naturpedagog.no) kanskje skal webb sida mi ha ein klarare forteljar retning, meir avgrensa profil, den må uansett oppdaterast.

### **Forteljarpraksis i 4 klasse ved Aurland barne og ungdomskule, fredag 4.oktober 2013,**

12 elevar og 2 lærarar.

Det var siste dag før haustferien, eg var hjerteleg velkomen til å fortelja eventyr som ei spesiell avslutning for klassen før ferien. Elevane sat i sirkel då eg kom det var tidleg på morgonen før kl. 09.00. Læraren hadde samla dei og hadde presentert meg før eg kom alt var klart. Eg fortalte om Regine Normann og kor ho kom frå i Vesterålen, og litt tankar kring korleis ho kunne ha sett forteljingane som indre bilete framføre seg ved å sjå på solnedgangen og landskapet der ute ved havet. Som sagt før er dette eit viktig utgangs og orienteringspunkt som forteljar fordi eg har same erfaringane sjølv frå oppveksten på øyane i Sunnhordaland. Det er som historiene er skrivne i runer og kan løftast fram frå svaberget, salt sjø og solnedgangen mot vest der ute.

Deretter føreslo eg at tittelen på eventyret kunne dei få gjetta til slutt. Hadde omtrent ikkje jobba med eventyret «**Prinsessa som gjekk til Jordens hjerta**» sidan 21. september då vi var på HIOA. Det er spennande og sleppa taket i historia etter å ha jobba så grundig og ha tillit til at den er der og kan hentast fram igjen, det krev både mot tillit og sikkerhet.

Historia rulla fram ettersom eg fortalte i klare bilete elevane hadde eg i min hule hand frå byrjing til slutt dei sat som tente lys. «Det verkar som du har opplevd dette sjølv, du gjekk med oss nedover og innover» var ein kommentar. Ein av dei urolege gutane i klassen sa til

slutt, « å eg skal gifta meg med den prinsessa» ein annan sa at tittelen måtte vera «Verdens Hjerta». Lærarane var nøgde og imponerte over klassen sin og dei klare bileta i forteljinga, berre ei lita jente hadde høyrte forteljinga før. Korleis klara du å hugse alt? var spørsmålet frå den eine læraren tenk om vi kunne fortelje slik? Korleis såg prinsessa ut for deg spurte han meg, i detaljar.

Opplever det også er viktig å bli ferdig ikkje dra situasjonen ut verken før, under eller etter. Denne historia er eg forbunden med og kunne tenkt meg å kombinert den med ein biografisk historie neste gang til eit eldre publikum. Gjerne elevar på den økologiske landbrukskolen og retta det meir mot djupøkologien og spørsmålet om menneskets forbindelse til naturen og til seg sjølv.

### **Prosjekt «Sosialt entreprenørskap» med midlar frå utdanningsdepartementet.**

Fredag 27 .oktober hadde Aksel Hugo og eg opp start møte i prosjektet «Sosialt stadbasert entreprenørskap» i Aurland de var 9 framømte frå kommunen ved Rådmann, Verdsarvparken, SJH, elevar og UMB. Eg starta igjen med å fortelja «**Verdens beste spørsmål**» frå boka Livet er som eit banantre. Etterpå tok vi ein runde med deltakarane kva er ditt spørsmål i forhold til tema og ditt utgangspunkt.

Alle spørsmåla kom fram og blei lagt på bordet frå ulike utgangspunkt og institusjonar, så kunne vi starte møte derfrå og gå vidare. Vi var og å såg på den lokale glas blåsaren og hadde refleksjonar kring korleis ulike materiale krev ulike ting av oss, der spørsmålet var korleis utvikle læring i di bedrift. Neste steg er studietur til Ruskin Mill i England i november, der forteljing er ein integrert del av undervisninga til studentane, sjå <http://rmt.org>. At alle vart høyrte i byrjinga av møte med sitt spørsmål og at vi tok utgangspunkt i deltakarane gjer at folk kjenner seg lytta til å høyrte de vert eit meir avslappa og fruktbart møte. Vi avslutta på same måte med ein runde så alle får sagt sitt, kor dei står og kva som er den enkelte si oppgåve framover.

### **Stavkyrkjeseminar med forteljing på Fossheim Hotell i Lom, 14 og 15 oktober 2013**

I veke 40 kom e-post og spørsmål frå Fortidsminneforeininga i Sogn og Fjordane om eg ville vera med på stavkyrkjeseminar i Lom med forteljing og foredrag, ilag med operabonden Steinar Sørli frå Sunnfjord, slå den! Korleis dyrke fram de unike knytt til di stavkyrkje og staden ho er ein del av var spørsmålet eg fekk og om eg kunne fortelje «**De syv føl**» som er knytt til Urnes kyrkja sitt biletspråk i Lom stavkyrkje på ettermiddagen. Dette var ei samling for alle dei 28 stavkyrkjeeigarane i landet og målet var no og laga ei felles plattform og websida, kva er de unike og kva har vi felles.

Slik vart de, i går kom eg tilbake frå to dagars seminar på Fossheim Hotell i Lom det var både utfordrande og spennande nok og bli kjent med dei. Foredraget eg hadde kan eg leggja som vedlegg, utgangspunktet mitt var Nærøyfjorden Verdsarvpark og arbeide vi gjer kring forteljing og stadutvikling i område. Gjennom presentasjonen hadde eg tre forteljingar, starta med **Den Norrøne Skapingsmyta** etter Snorres Edda, og snakka om korleis verda må skapast heile tida på same måte som historia ein fortel. «*Når ein fortel oppstår ei heilt ny forståing og igjenskaping av verkelegheita*», Dalsveen, 2008. I arbeidet med munnleg forteljing har vi eit ansvar for å arbeida vidare og skape på nytt mytar, segn, eventyr, overtru og folklore. I følgje den britiske forteljaren Hugh Lupton er det eit sterkt forhold mellom språk og landskap.

*“The ground holds the memory of all that has happened to it. The landscape is rich in story!”  
The lives of our ancestors and our remote ancestors have contribute to the shape and the form of the land we know today.. And beyond the human interaction are the huge slow geological shaping that have made the land itself. (Lupton, 2001:5).*

Med dette som utgangspunkt fortalte eg den Nordiske skapingsmyta. Lokalet var trongt det var lågt under taket og prosjektoren dura. Nokre sat å glipe med augo andre lytta intenst og alle klappa etterpå. Utfordrande å gå ut og inn av forteljinga/foredraget men eg trur de fungerte tåleg bra. Korleis kan vi arbeide med kyrkja sin individualitet gjennom forteljingar:

- gjennom kyrkja sitt biletspråk, som t.d. forvandlingsmotivet på søylene eller nord portalen i Urnes (som er knytt til «De syv føl» av Asbjørnsen og Mo) eller eventyret “ Bastarden- Den ekte kongesonen» samla av J. F. Blade.
- Andre undreeventyr som fortel om den indre vegen, transformasjon og kampen om å kasta dyrehamen og bli menneske, bli den ein er.
- Lokale segn og mytar som overtru folklore, Huldre historia som i Indre Sogn står i spennet mellom lokal økologi og kultur.
- Legender, St. Sunniva, Olav Den heilage, eller Jomfru Maria, som er vigde til alteret i kyrkja. Den bortkomne sonen,(glasmaleri) eller andre bibelforteljinga..

Men også fenomenen i landskapet som bønnesteinar, gravhaugar, driftekarane og levevilkår før og no som omhandlar staden sin eigenart og korleis den står i relasjonar til andre stader og omverda. Skal ein arbeida med den enkelte sitt uttrykk og eigenart eller individualitet krev de også at ein har bevisstheit på kva ein/vi har til felles. Og då hjelper de ha eit tydleg spørsmål eller problemstilling frå byrjinga av, derfor vart neste historie eg fortalte **“Verdens beste spørsmål”** den jødiske igjen.

Eg fortalte om studiet ved HIOA og anbefalte de til deltakarane på seminaret. Og om mitt samarbeid med den internasjonale «School of Storytelling» og moglegheiter framover med å byggja opp ein forteljarkultur i området. Der forteljing inngår som ein intregret del av oppbygging og utvikling av eit berekraftig lokalsamfunn. Ikkje ved sida av alt anna men som ein del viktig del av dagleglivet der ein får arbeida med staden og individets eigenart og læra å uttrykkja seg gjennom forteljing og munnleg kompetanse. På den måten kan ein få augo på sitt bidrag til fellesskapet.

Til slutt viste eg J.C. Dals kjente landskapsmaleri frå Stalheim mala i 1842 og fortalte segne om **Huldre-sølja** som er knytt til Per Sivle og Nærøy dalen, den er frå boka Bergtekne, Nye vegar til gamle segn, 2000. Som handlar om å gje å ta i forhold til naturen og kva som skjer om vi berre tar og ikkje gjev tilbake.

Forsamlinga besto av 30 deltakara nokre var kyrkjevegge andre frå fortidsminne foreininga somme var skeptiske til de førkristne og dei norrøne gudane, her skulle de vera historiske fakta og ikkje noko anna. Slik mange eventyr og segn fortel om ei indre verd, om våre høgaste mål og utfordringa, ser eg på stavkyrkjene våre som eit indre rom i landskapet. Om ikkje dei som forvaltar kyrkjene våre har oppdaga denne indre verda i seg sjølv og berre for held seg til fakta, logikk og de ytre vil kyrkjene bli deretter. Og det er nettopp de som skjer mange stader, kyrkjene manglar eit indre fritt sjelelege rom og dei vert ståande tome, folk oppsøker dei ikkje.

### **Forteljing i Lom stavkyrkje**

På ettermiddagen gjekk me «Bergomronda» med kunnskapsrik og dyktig lokal guid frå Lom. I stavkyrkja fortalte ho om den bygningsmessige konstruksjonen inventaret alteret dua over døypefronten som dei lura på var rypa hans Brimi. Då ho var ferdig sette dei seg ned i koret og eg fortalte «**De syv føl**» av Asbjørnsen og Mo. Det vart ei veksling mellom de indre og de ytre de fungera bra. Men de var kaldt og frostrøyk der inne ei dame sto bak alteret og snakka i mobiltelefon eg måtte byrja frå starten av att, det gjekk fint eventyret rulla fram.

Kommentaren etterpå var, det passar fint med folkeeventyr i stavkyrkja. Trur folk opplever at forteljinga ligg i veggene vi kunne sjå teikningar av bakenden og halen på hesten og andre mytiske figurar. Sjølv om folkemusikken og fela har vert forbode som instrument heilt fram til vår tid. Det var ei stor oppleving og stå der i dette spennet men likevel ha begge beina på jorda! Forteljinga kom også endeleg mot slutten fram til kristen tid med Oskeladden som tok med altervin og brød å synte kongen kva folane hadde ete og kva dei hadde drukke. Det var vel derfor eg valte eventyret, det knyter saman gamal og ny tid det passar godt i ei stavkyrkje. Det vart litt diskusjon etterpå om korleis dette kunne knytast til forvandlingsmotivet på søylene i Urnes kyrkja. Der eg kunne visa til boka «Stavkyrkjene sitt biletspråk» av F. Distler, 1997, sin fordjuping og tolking.

I slike samanhengar må ein stå for de ein seier det må vera ekte de krev jo sin man. Kunne kjenna at eg hadde både breen, Sogne fjellet og heile Jotunheimen i ryggen. I tillegg lea gravstøttene litt på seg utafør kyrkja der både diktaren Aukrust, Tor Jonson med fleire ligg gravlagde. Er likevel trygg på at eg har evna til å tona meg inn å stå i relasjon/dialog til fortida og prøve dra den inn i notida, fekk mange gode smil som lyste mot meg ut på kvelden. Dagen etter fekk eg spørsmål frå fleire av stavkyrkje om samarbeid framover. Korleis finna dei rette historiene og korleis øva dei inn. Korleis laga forteljar vandringar som bind kyrkjene i hop.



## Følgesvennen

Har starta eit samarbeid ilag med Odd Jarle Stener Olsen som går på undereventyret «**Følgesvennen**» tenkjer å skapa ei førestelling der vi knyter eventyret til eigne biografiske opplevingar. Den 25. oktober fortalte vi eventyret ilag til kvarandre, vi veksla mellom dei delane vi hugsa best. Laurdag 2. november fortalte eg de same eventyret her heime som ei øving og eit bidrag til alle-helgen søndagen. Planen er å ha ei forstilling etter jul, trettande eller tjuande dag jul på Aarholt-tunet med PPU studentar. Mykje av arbeide ligg på førehand i dette usynlege arbeidet med å finna eigna lokale, skapa de retta rommet, henge opp plakatar, annonsere i god tid osv.

## Vandrehistoria

Vandrehistoria vi lære av Lise Grimnes i oktober samlinga den 18 var: **Teppeleggjaren og Mannen som tok opp haikaren midt på natta**. Dei fortalte eg til mi yngste dotter på 14 år på laurdagskvelden med fleire rundt bordet. Det var historia som inspirerte ho til å fortelje dei spøkelses historiene ho kunne etterpå.

## Til slutt

Når de gjeld refleksjon og innhald kunne eg sagt mykje, utfordringa framover for meg er meir didaktikk og metode, tenkjer eg. Korleis bidra til å byggja opp forteljarkultur i området, leggja til rette for læring, steg for steg når de gjeld forteljing og munnleg kompetanse? Slik at den enkelte kan bli klar over og får jobba også med sin indre veg. Eg treng jobba meir med detaljar og laga eksakte øvingar og finna kva eg skal satse på og korleis, bli meir målretta og tydeleg som til retteleggjar. Samtidig som eg vil utvikle meg sjølv som forteljar.

**Ragnarok** er ei forteljing eg vil jobbe med framover. Fordi viss verden skal skapast på nytt heile tida, må den også dø ut innimellom, vi må våge å sleppe taket. På slutten av Ragnarok stig de opp ei ny verd med grønne åkrar som sår seg sjølv, slik er livet ein evig skapings prosess og vi er midt i den..

I arbeidet med munnleg forteljing ynskjer eg å skape heilheit, knyte forteljing saman med de andre vi held på med av berekraftige prosjekt som læring, lokal mat, økologisk landbruk, lokalsamfunnsutvikling og internasjonalt arbeid. Vil gjerne at forteljinga skal ha ei oppgåve og ikkje vera ei eigen spesiell fil som står åleine men ilag med fleire for ei berekraftig framtid.



Figur 2, Hjerta til mannen i Almen , Aurlandsdalen